

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 5

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 31.01.2025

Sak 7/25 Oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett

Dette er ei oppfølging av sak 65/24 i styringsgruppa, der det blei bedt om at det blir lagt fram ei sak som sikrar oppstart av prosjekt som ikkje fekk midlar i forslag til statsbudsjett 2025. Sekretariatet la i første omgang fram ei sak i prioriteringsrådet der vi oppmoda om å nytte belønningmidlar om mogleg, og/eller spele inn prosjekt på ny til revidert nasjonalbudsjett. Saka blei utsett fram til statsbudsjettet var vedtatt. Statsbudsjettet som blei vedtatt i midten av desember inneheldt ingen endringar for Miljøløftet sine prosjekt.

Omdisponering av ubrukte midlar i Miljøløftet

Grunna mindreforbruk på ferdige prosjekt finansiert av post 30 til 66, finst det nokre tilgjengelege midlar i Miljøløftet. Foreløpig er det 2,4 mill. tilgjengeleg, i tillegg til 15,3 mill. som er venta innspart i 2025.

Det er ønskeleg å omdisponere innsparingane fortløpande til prosjekt som ikkje fekk midlar over statsbudsjettet, gitt at dei er klare for igangsetting. Kommunar som har hatt innsparing på prosjekta sine vil ikkje gå glipp av midlar ved å omdisponere til prosjekt i andre kommunar, då innsparinga vil gå tilbake i potten for tilgjengelege midlar. Det er viktig å nytta midlane for å unngå inflasjonstap.

Eit krav for slik omdisponering er at det ikkje må skape nye bindingar. Det vil seie at tiltakas samla kostnader ikkje må overstige dei ubrukte midlane. Det er dermed avgrensa kva prosjekt midlane kan omdisponerast til.

Tabell 1 viser kva prosjekt som har midlar til overs. Her ligg det også to prosjekt som har ei venta innsparing for 2025. *Kleppevegen ved Myrane* er venta å stå ferdig våren 2025, og slutttoppgjer er venta å ligge føre ved årsskiftet 2025/2026. *Kvernhusdalen* er ferdigstilt, og kostnadar som står att er byggelånsrente og slutføring av grunnetveg. Prognosen for desse kostnadene er tatt med i berekninga i tabellen.

Prosjekt	Kommune	Ubrukt beløp (i mill)
Kulvert Idrettsvegen	Øygarden	2,2
Kv1027 Fortau langs Gymnasvegen	Bjørnafjorden	0,2
Fv5254 Kleppevegen ved Myrane - Venta innsparing i 2025	Askøy	10,2
Kv1158 Kvernhusdalen - Venta innsparing i 2025	Askøy	5,1
Sum ubrukne midlar som kan omdisponerast		17,7

Tabell 1 – Prosjekt med varig innsparing

Tabell 2 viser prosjekt som kan vere aktuelle for omdisponering i 2025, og som er klare for igangsetting i år. Det finst midlar til å finansiere fleire av prosjekta i tabellen, med ein viss risiko knytt til dei to prosjekta som har ei venta innsparing i tabell 1. Fylket har gitt signal om at dei er villige til å ta den risikoen for å få starta opp eitt eller fleire av fylkesveg-prosjekta. Eventuelt kan ein i første omgang omdisponere dei 2,4 mill. vi med sikkerheit har. I så fall er det berre prosjekta *Manger kyrkje* eller *Oppgradering av holdeplasser E39 Bjørnafjorden* som er aktuelle for omdisponering.

Prosjekt	Kommune	Totalkostnad (i mill)
Fv565 Manger kirke – Hesthaugen, fortau	Alver	2
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	Alver	11,1
Fv5150 Trollaldalen–Lepsøyvegen – trygg GS-løsning	Bjørnafjorden	13,2
Oppgradering av holdeplasser E39 Bjørnafjorden	Bjørnafjorden	1,8
Sykkelparkering	Bjørnafjorden	3,1
Sum		31,2

Tabell 2 – Prosjekt som kan være aktuelle for omdisponering i 2025

Status på Fv565 Manger kirke og Fv5452 Leknesvegen

Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering

Tiltaket er planavklart, grunnverv avklart, detaljprosjektering pågår, utlysning og oppstart i 2025. Framdrifta har vore tilpassa/avpassa då tiltaket ikkje fekk statlege midlar over statsbudsjettet for 2024.

Fv565 Manger kirke-Hesthaugen

Detaljprosjektering ferdig, grunnverv pågår. Estimert utlysning og oppstart i 2025. Framdrifta har vore tilpassa/avpassa då tiltaket ikkje fekk statlege midlar over statsbudsjettet for 2024.

Større post 30-prosjekt med bindingar

For større prosjekt som har bindingar i kommande år er det ikkje mogleg å omdisponere mindre innsparingar. Tabell 3 viser ein oversikt over alle prosjekta som ikkje fekk post 30-midlar over statsbudsjettet 2025. Forutan nokre av prosjekta som allereie er nemnd i tabell 2, finst det ikkje finansiering i Miljøløftet til desse i 2025. Sekretariatet kan være behjelpelig med prosessen å spele inn prosjekt på ny til revidert nasjonalbudsjett. Ein må i så fall vere konservativ med omsyn til kva prosjekt ein spelar inn. Det bør vere prosjekt som er heilt klare for byggestart i år, med låg risiko for mindreforbruk.

Tall i heile tusen 2025-kr				
Finansiering	Kommune	Prosjekt	Totalkostnad (2025-kr)	HP 2025
Post 30 til 66	Alver	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	11 100	6 061
		Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	2 000	1 724
		Ostereidet/Lindsdalen, fortau	27 700	3 240
	Bergen	Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien	65 000	11 756
	Bjørnafjorden	Fv5150 Trolldalen-Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	13 200	7 524
		Sykkelparkering	3 135	3 135
Øygarden	Skogsskiftet sentrumsområde	131 787	4 180	
Post 30	Bjørnafjorden	Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	1 800	890
SUM			255 722	38 510

Tabell 3 – Prosjekt som ikkje fekk midlar over statsbudsjett 2025 (post 30 og post 30 til 66)

Forslag til konklusjon

Styringsgruppa drøftar forslag om å omdisponere tilgjengelege midlar til prosjekt i tabell 2.

Styringsgruppa stiller seg bak forslag om at prosjekt som ikkje fekk midlar over statsbudsjettet, og er klare for byggestart i år, blir spelt inn til Statens vegvesen for vurdering inn mot revidert nasjonalbudsjett.